

# Vedtekter for Vikebygd Grendautval

## §1. Navn og stifting

Namnet er Vikebygd Grendautval og er ei foreining.  
Stiftingsmøte vart halde 29. november 2012.  
Alle fastbuande i Vikebygd har rett til å møte på årsmøte og blir betrakta som medlemmer med stemmerett.

## §2. Kontingent.

Laget har ingen medlemskontingent.

## §3. Føremål

Vikebygd Grendautval skal arbeida for at Vikebygd er ei levande og god bygd å bu i, og skal ta opp saker som er av allmennyttig interesse. Laget skal leggja vekt på å høyre og samordne interessene i bygda. Vikebygd Grendautval skal vera eit bindeledd mellom innbyggjarane og kommunen, mellom anna ved å vere høyringsinstans ovanfor kommunen i saker som særleg vedkjem Vikebygd.  
Alle i bygda kan kome med innspel om saker.

## §4. Årsmøte

Årsmøte er grendelaget sitt høgste organ og årsmøte vel laget sitt styre.  
Årsmøte blir halde kvart år, om hausten. Det blir kunngjort ved plakatar, evt. info.skriv til alle husstandar, gjennom info. på Vikebygd si heimeside (vikebygd.org) og/eller avisannonse seinast 14 dagar før møtet.

- a. I årsmøtet tek styret opp saker som er innkomne eller som styret meiner er viktige å ta opp eller saker til berre informasjon.
- b. Styret legg fram årsmelding og rekneskap som årsmøtet skal godkjenna.
- c. Val:

1. Valnemnd leiar valet og legg fram innstillinga si på årsmøtet.

Styret har 5 medlemmer og 1 varamedlem.

Valperioden for styret skal normalt vera på to år.

Ved val fyrste gong blir halvparten av medl. valde for 1 år, dei andre for 2 år.

Dette for å sikre kontinuitet i styret ved seinare val.

Leiar blir valt særskilt for eitt år om gongen.

Styret konstituerar seg sjølv med nestleiar, sekretær og kasserar.

2. Val av revisor.

3. Val av valnemnd.

Det bør arbeidast for at det skal vera god fordeling både av interesseområde, kjønn og geografi i laget. Styret kan oppnemna underutval med medlemmer både frå og utanom styret etter ønskje og behov.

- d. Dersom det kjem skriftleg krav frå minst 10 medlemmer skal det haldast ekstraordinært årsmøte.

## §5. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn med 8 dagars varsel når styret eller medlemmer som representerer minst 1/3 av stemmene krev det.

## **§6. Informasjonsmøte/bygdemøte**

Vikebygd Grendautval skal halda informasjonsmøte/bygdemøte minst ein gong i året. Styremøta i Grendautvalet bør som regel vera opne og gjerast kjent med plakatar og/eller på Vikebygd si heimeside i rimeleg tid på førehand.

## **§7. Referat frå møte**

Det skal skrivast referat frå alle styremøte og bygdemøte. Grendautvalet skal, der det er relevant, leggja ut informasjon med utdrag frå møter og evt. uttalar på Vikebygd si heimeside.

## **§ 8. Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene skal handsamast på årsmøte.

Forslag til endring av vedtektene må vere styret i hende 1 uke før årsmøte

Endring av vedtekter krev tilslutting av 2/3 av dei frammøtte på årsmøte.

## **§ 9. Oppløysing**

Forslag om oppløysing av laget må leggjast fram som eiga sak på årsmøte. For gyldig vedtak vert det kravd at 2/3 av dei frammøtte stemmer for oppløysing av Vikebygd Grendautval. Eventuelt økonomisk overskot blir då tildelt andre lag eller foreiningar i bygda etter vedtak på årsmøte.